



DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Energi- og miljøkomiteen
Stortinget

0026 OSLO

Deres ref
MH/imv

Vår ref
20/1799-

Dato
5. juni 2020

Svar vedrørende representantforslag 120 S (2019-2020) om å ta ut rovvilt for å berge samisk reindrift i ein vanskeleg situasjon

Eg viser til representantforslag 120 S (2019-2020) frå stortingsrepresentantane Siv Mossleth, Geir Adelsten Iversen, Heidi Greni og Sandra Borch om å ta ut rovvilt for å berge samisk reindrift i ein spesielt vanskeleg situasjon.

Innleiingsvis vil eg vise til at det ikkje er nokon usemje om at denne vinteren og våren har vore krevjande for tamreindrifta. Hovudårsaka til det, og den store skilnaden i år, har vore dei særskilte vanskelege vêr- og snøforholda som har skapt ei beitekrise. Ansvar for beitenæringane ligg til landbruks- og matministeren, og eg er kjent med at det er gjort endringar i kriseberedskapsfondet for å gjere situasjonen betre i dei områda der tamreinen ikkje har hatt tilgang til gode beiter.

Eg er også einig i at det må gjerast uttak av rovvilt av omsyn til beitenæringane. Rovviltforvaltninga tek omsyn til skadesituasjonen og potensialet for skade på tamrein ved vurdering av uttak av rovvilt. Eg vil understreke at rovviltforvaltninga kvart år gjer eit solid arbeid og legg ned ein stor innsats med uttak av rovdyr, innanfor rammene av internasjonale forpliktingar, naturmangfaldlova og den todelte målsettinga Stortinget har vedteke om at vi skal ha både rovvilt og beitedyr i Noreg. Kvart år blir det gjort omfattande uttak av rovdyr for å førebyggje potensielle rovviltsskadar på tamrein og sau. Til dømes kan eg vise til at dei siste tre åra er det registrert 587 døde rovdyr i Noreg, eller eit gjennomsnitt på 196 døde rovdyr kvart år. Fordelt på dei ulike artane viser tala 36 bjørnar, 188 gauper, 289 jerv og 74 ulvar registrert døde i perioden 2017-2019. Om ein ser berre på fylka Nordland og Troms og Finnmark er tala for registrerte døde rovdyr 6 bjørnar, 25 gauper, 115 jerv og 2 ulvar i denne perioden. For desse fire artane viser dei rapporterte bestandstala frå Rovdata at det til

saman er i underkant av 1000 rovdyr i Noreg, noko som gjev eit tydeleg bilete på omfanget av uttak og kva for innsats som kvart år blir gjort i rovviltforvaltninga.

Samtidig er det også andre omsyn som skal vurderast før eventuelle løyver for uttak av rovvilt blir gjeve, som mellom anna rovviltbestanden si overleving og om det ligg føre andre tilfredsstillande løysingar enn uttak. Vidare har Stortinget vore tydeleg på at forvaltninga skal følgje dei vedtekne bestandsmåla og leggje vekt på dei både når bestandane er over og under bestandsmåla. I tillegg skal vi ha ei tydeleg soneforvaltning og nytte ulike verkemiddel i rovdyprioriterte område samanlikna med beiteprioriterte område.

Den todelte målsettinga inneber at ein skal nå bestandsmåla for rovdyr samtidig som ein gjer det ein kan for å halde tapa av beitedyr på eit lågast mogleg nivå. Det inneber at det går nokre grenser for kor mange rovdyr ein kan skyte, og løysinga kan ikkje i alle tilfelle vere å skyte fleire rovdyr. Til dømes er den noverande situasjonen slik at forvaltninga har mindre handlingsrom for å ta ut bjørn om ein skal byggje opp bestandane mot bestandsmåla Stortinget har vedteke. Likevel opnar vi for felling av bjørn etter ei konkret vurdering.

Eg vil i denne samanhengen også vise til at det overordna grepet som er gjort i rovviltpolitikken av omsyn til beitenæringene, er at bestandsmåla for dei fire store rovdyra er sett lågt. Sjølv om vi når bestandsmåla for ulv, bjørn, jerv og gaupe vil dei vere definert som truga på norsk raudliste for artar. At bestandane er små og truga inneber ein betydeleg risiko for at artane kan forsvinne frå norsk natur, og gjer at vi må føre ei kunnskapsbasert og presis forvaltning for å unngå at det skjer.


I bakgrunnen for forslaget blir det trekt fram tal på tamrein drepne av bjørn i ein studie gjort i Sverige og tala blir samanlikna med situasjonen i Nordland. Eg vil i denne samanheng understreke at storleiken på bjørnebestanden i Noreg og Sverige er særskild ulik. I Noreg vart det registrert totalt 148 bjørnar i 2019, og berre 4 av desse hadde heilt eller delvis tilhald i Nordland. I Sverige er bestanden berekna til nær 3000 bjørnar, noko som gjer at også omfanget av skader på tamrein naturleg nok er på eit langt høgare nivå. Ein kan difor ikkje samanlikne situasjonen i ein svensk skogssameby der det er langt fleire bjørn, med situasjonen i Nordland. Faktum er at ein så langt i år (per 4. juni) ikkje har registrert skade på tamrein årsaka av bjørn i Nordland. I tillegg vil eg påpeike at forvaltninga også er ansvarleg for å vurdere kva for effekt uttak av bjørn har på bjørnebestanden i Noreg og at forvaltninga legg til rette for ei bestandsvekst mot bestandsmålet Stortinget har vedteke.

Å sikre at alle kalvingsområde for tamrein til ei kvar tid er fri for rovdyr vil ikkje vere mogleg innanfor rammene av den todelte målsettinga. Reindrifta dekkjer om lag 40 prosent av fastlandsarealet i Noreg, og i dei same områda skal vi nå delar av bestandsmåla for rovvilt. Rovviltet har ein biologi som gjer at dei mellom anna krev ein viss storleik på leveområda sine, og det er ikkje til å kome i frå at det vil vere overlapp med tamreinområda. Dette er ein krevjande balanse som forvaltninga arbeider kontinuerleg for å løyse på best mogleg og kunnskapsbasert vis. Som nemnt gjer rovviltforvaltninga eit solid arbeid med uttak av rovdyr kvart år for å gjere utfordringane minst mogleg for tamreindrifta. I tillegg har vi gode

økonomiske ordningar, med rett til full erstatning for rovviltskadar og tilskot til førebyggjande tiltak til dei som ønskjer å gjere dette.

Til slutt vil eg vise til at reindrifta står ovanfor fleire utfordringar, der mellom anna klimatiske forhold og tap av beiteareal gjev grunn til vesentleg uro. Denne vinteren og våren gjev eit godt bilete på utfordringane klimaendringar kan innebere for reindriftnæringa. Klima- og miljødepartementet har i fleire år åtvara mot denne utviklinga, og har peika på forsking som viser at faktorar som klimatiske forhold, tal på rein på beite og beitegrunnlag er langt viktigare enn rovdyrbestandane i forklaringa på utfordringane reindrifta opplever når det gjeld produksjon og tap av tamrein. Det er også vist til denne forskinga i [undersøkinga](#) Riksrevisjonen nyleg har gjort av rovviltforvaltninga.

Med helsing



Sveinung Rotevatn